



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

31.10.2023 kl. 16.00 i møterom på kyrkjekontoret

Til stades: Terje Thornquist, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Hilde Schmidt, Solgunn L. Asprusten, Sigrunn Hagen Arnesen, og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Kristin K. Helgaland og Lena Sofie Lundberg

Møtande varamedlemmar:

SAK 00/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE FRÅ SIST MØTE

Vedtak: Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og saksliste.

SAK 00/23 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 7. SEPTEMBER

Vedtak: Fellesrådet godkjenner møteprotokollen frå møtet 7. september 2023.

SAK 27/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

-Det er viktig å oppgradera lydanlegget i Hjelmeland kyrkje.

Disp.fond stat er tenkt å nyttast til slike oppgraderinger. Legg inn i budsjett for 2024.

-Utbetringar i Årdal kyrkje er viktig å utføre. Legg inn i budsjett for 2024.

-Oppvarmingsløsing Årdal kyrkje. Det opprettast ein gruppe som skal arbeide med å lage ein innstilling. Ved neste soknerådsmøte blir det oppnemnt to medlemmar i tillegg til kyrkjeverje. Kyrkjeverje kallar inn til møte når det er avklart kven som skal være med frå soknerådet.

-Fister kyrkje sitt varmestyringsanlegg må oppgraderast. Tilbod med 25 000 i rabatt når avtale inngås innan 31.12.23. Fellesrådet inngår avtale og legg inn i budsjett for 2024.

-Søknad til kommunen om drifts- og investeringsbudsjett 2024.

Fellesrådsmedlemmane var fornøgd med søknaden og synes den er informativ med tanke på dei nye kommunestyrerepresentantane.

Det er viktig at kyrkjeverje har god og tett kontakt med økonomileiaren i kommunen.

Det blei orientert om kostnadene for Årdal gamle kyrkje hittil og kva ein reknar med blir totalsummen når prosjektet er ferdigstilt neste sommar.

Terje seier at fellesrådet ikkje skal bruke av fellesrådets budsjett på restaurering av kyrkja. Kyrkjeverje må ta kontakt med økonomileiar og be om meir pengar.

I anledning 25 års jubileet til kyrkjekoret har leiar i Fellesrådet lova ei gāve.

Det blei einstemmig bestemt at gāva skal være på kr. 3000,-.

Kyrkjeverje ordnar med kort og overføring til kor konto.

Solgunn informerer om at KRIK har fått mykje pengar til ungdomsarbeid.

Vedtak: Orienteringane vart godkjente.

SAK 28/23 DRIFTSREKNESKAP T.O.M. SEPTEMBER 2023

Vedtak:

Driftsrekneskap for dei 9 første månadene av 2023 for Hjelmeland kyrkjelege fellesråd vert teke til orientering og samråysta godkjend med merknad om at kyrkjeverje må be om meir pengar frå kommunen til fullføring av restaureringsarbeidet på Årdal gamle kyrkje. Jfr. avtale med kommunen.

SAK 29/23 EVALUERING VAL

Kyrkjevalet gjekk svært bra i prestegjelda våre.

Høg deltaking, mange villige funksjonærar, godt høve til å stemma.

Ny kyrkjeverje la fint til rette. Ho sørga for materiell, servering og anna.

Olav Frantzen ein eigen ressurs, flott at han heldt kurs i forkant i lag med kyrkjeverja og også Leia opptelinja.

Til neste val:

Alle lokala må vera bestilte og avklarte i god tid før valet slik at det ikkje oppstår usemje med kommunen sine funksjonærar. Det skjedde no i to lokaler.

Årdal ynskjer ei betre plassering enn i gymsalen neste gong.

Det er behov for fleire personar til å telje neste gong, då er resultatet klart tidlegare.

Kyrkjeverja bør ha frigjort meir tid til å delta i oppteljinga.

Valet må kunngjereast betre ved neste val. Ikke alle les Prekestolen.

Aviser, kyrkja si nettside og sosiale media er viktige informasjonskanalar.

Meir overordna:

Det er alt i gong ein debatt om tidspunktet for valet.

Same spørsmål vart stilt i fellesrådsmøtet:

Er det klokt å knyta valet til kommune- og fylkestingsvalet?

Brukte ikkje kyrkja denne gongen altfor store ressursar til valet?

Kan valet med fordel gjennomførast med kyrkja som vallokale?

Olav og Magnhild vurderer nærmare om det skal lagast ein uttale til bispedømmekontoret om erfaringane våre, med sikte på endring.

Vedtak: Evalueringa vert tatt til etterretning.

Eventuelt forslag til uttale vert behandla som sak på eit seinare møte i fellesrådet.

SAK 30/23 ERFARINGSOPPSUMMERING PERIODEN 2019 - 2023

Fint at ein no er i rute med kyrkjeplanen slik at sokneråda og fellesrådet har ein oppdatert plan pr 2024 som grunnlag for evaluering.

Bra å ha i utsikt anna prioritering enn sentrale høyringar.

God kommunikasjon mellom fellesråd og sokneråda.

God tone og greitt å lufta ulike saker.

Viktig arbeid: Tilstandsrapport for kyrkjene på plass, - avgjerande grunnlag for ein plan for vedlikehald.

Mange gode ord om det å vera leiar og medlem i soknerådet.

Lett å være leiar med positive medlemmer som er med og deler på ansvar og oppgåver.

Administrasjonssekretæren er god å ha i bakhand ved mange gjeremål samstundes.

Vedtak:

Erfaringsoppsummering vert tatt med i arbeidet vidare.

SAK 31/23 YMSE

-Brannvernanlegg må oppgraderast. Det føreligg eit tilbod på dette.

Ved alarm/brann i kyrkja må kyrkjetenaren vite kva som må gjerast. Alarm må tilbakestillast.

Ein må vite kvar brannslokkingssapparata er. Brannperm må oppdaterast og det må arrangerast brannvernkurser kvart år.

Kyrkjevejer skal organisere dette.

-Kommunen vil vite om fellesrådet anbefaler å auke gebyr på gravplassane.

Det blir laga ny sak om det til nytt fellesråd ved neste møte.

-Omvising i Årdal gamle kyrkje. Ingvars Reiser A/S ønskjer å ha omvising 19.09.24 kl. 12.

Kva kostar det? Skal vi ha ein fast pris, kven skal ta oppdraget, korleis skal me gjere det?

Omvising i kyrkjene i Hjelmeland, bør vi ha ein fast pris pr person eller pr buss?

Kyrkjevejer sender e-post til leiarane i sokneråda så dei får si sin mening om saka.